

Organisasjonsplan



Innholdsfortegnelse

| | |
|---|-----------|
| Grunnlagsopplysninger for Herøy Kajakklubb | 4 |
| Historikk | 5 |
| Formål | 5 |
| Visjon | 5 |
| Verdigrunnlag | 6 |
| Hovudmål | 6 |
| Delmål | 6 |
| Verkemiddel | 6 |
| Kortsiktig handlingsplan | 6 |
| Langsiktig handlingsplan | 6 |
| Idrettslagets Organisasjon | 7 |
| Årsmøtet | 8 |
| Styrets funksjon og sammensetning | 8 |
| Styret skal | 8 |
| Leiar | 8 |
| Nestleiar | 9 |
| Kasserar | 9 |
| Styremedlemmer | 9 |
| Kontrollutval | 9 |
| Valkomit  | 9 |
| Valkomiteen plikter: | 9 |
| Naustansvarleg | 10 |
| Aktivitetsansvarleg | 10 |
| Medlemmer | 10 |
| Aktivitet | 11 |
| Anlegg | 11 |
| Informasjon | 11 |
|  konomi | 11 |
| Rekneskap | 11 |
| Medlemskontingent | 11 |
| HKK sine medlemskontingentar: | 12 |
| Innkrevjingsrutiner: | 12 |
| L n av utstyr | 12 |
| Kontantsal | 12 |
| L n og honorar | 13 |
| L nsmatrise kurs i HKK regi: | 14 |
| Reiseregning | 14 |
|  konomisk utruskap/varslingsplikt | 15 |

| | |
|---|-----------|
| IT og kommunikasjon | 15 |
| Reglar og retningsliner for foreldre/føresett i Herøy kajakkklubb | 15 |
| Retningsliner for medlemmar | 15 |
| Retningsliner for aktivitetsleiarar, turleiarar og veilederar | 16 |
| Mobbing | 16 |
| Politiattestar | 16 |
| Dugnad | 17 |
| Skikk og bruk for e-post | 18 |
| Årlege faste oppgåver | 18 |

Grunnlagsopplysninger for Herøy Kajakklubb

| | |
|--|--|
| Namn: | Herøy Kajakklubb |
| Stifta: | 07.08.2008 |
| Idrett: | Padling |
| Postadresse: | c/o Silje Vedvik, Hovsetråsa 30A, 6065 Ulstein |
| E-post adresse: | post@heroykajakk.no |
| Internettadresse: | heroykajakk.no |
| Bankforbindelse: | Sparebanken Møre |
| Bankkonto: | 3910.34.93939 |
| Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: | 992 787 775 |
| Registrert i Frivillighetsregisteret: | Ja |
| Registrert i Grasrotregisteret: | Ja |
| Anleggsadresse: | Jensholmen, 6070 Tjørvåg |
| Telefon: | 97793050 (leiar Silje Vedvik privat) |
| Tatt opp som medlem i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite/NIF: | 07.08.2008 |
| Idrettskrets | Møre og Romsdal Idrettskrets |
| Idrettsråd | Herøy Idrettsråd |
| Særforbund | Norges Padleforbund |
| Årsmøtemånad: | Jan – Mars, Seinast 31.03. |

Historikk

Sommaren 2008 såg nokre padleentusiastar frå Herøy kommune på Sunnmøre behovet for å samle kajakkmiljøet på Søre Sunnmøre. Ein fekk inntrykk av at her var eit stort padlemiljø, men at det i hovudsak var einsame ryttrarar som dreiv mest med solo padling. Difor vart Herøy Kajakklubb etablert, og ein håpte at det ville trekke til seg enda fleire padleinteresserte, i alle aldrar.

I 2015 vedtok klubben å selje naustet på Kvalsund og samstundes kjøpe nytt klubbnaust på Jensholmen. Dette fordi Jensholmen som lokasjon gjev eit ypperleg utgangspunkt for padling både for nybegynnarar og vidarekomne padlarar, og ikkje minst for å flytte klubblokalet nærare eit geografisk midtpunkt med enklare tilgjenge for medlemmane.

Vinter 2016 vart brukt på tilpasning av lokaler, og i 2017 kjøpte klubben nabonaustet fordi aktiviteten og utstyrmengda har auka kraftig.

Herøy kajakklubb er ein klubb under Norges idrettsforbund (NIF) og Norges Padleforbund (NPF). Vi arrangerer kurs i våttkortstigen til Norges Padleforbund for å gi padlarane i fylket ein sikrare padling, og ein litt brattare læringskurve hos dei medlemmene som ønskjer det.

Klubben har aktivitetar innan havpadling og kajakkpolo, men det er tur- og havpadling som er klubbens største aktivitetsområde.

Klubben sitt geografiske område er primært Søre Sunnmøre, men har også medlemmer frå andre stader i landet.

Formål

Herøy kajakklubb skal vere ein open og demokratisk organisasjon, dreve av frivillige. Formålet er å skape eit trygt og inkluderande padlemiljø. Skape eit sosialt miljø utanfor dei store idrettane. Størst fokus på meistringsglede og naturopplevingar. HKK er organisert under Norges Padleforbund (NPF) og Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF)

Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idrettslaget er sjølv eigande og frittståande med utelukkande personlege medlemer

Visjon

Herøy kajakklubb har som visjon å fremje idrett og friluftsliv gjennom ekte padleglede, der omsyn til sikkerheit for seg sjølv og andre, samt forståing for omsynsfull framferd i naturen, er innarbeidde verdiar.

Klubben har som uttalt fokusområde å tilrettelegge for padleaktivitetar for unge, samt personar med nedsett funksjonsevne.

Verdigrunnlag

- Padleglede
- Sosialt fellesskap
- Inkluderande
- Ærlegdom
- Kunnskapsrike om trygg og sporlaus ferdsel
- Meistringsglede

Hovudmål

1. Bidra til sikker og forsvarleg padling
2. Tilby og tilrettelegge aktivitet for barn og unge innan hav/tur.
3. Tilby og tilrettelegge aktivitet for personar med nedsett funksjonsevne.
4. Tilby og tilrettelegge aktivitet som dekkjer behova for både koseturar og meir teknisk padling.
5. Iverksetje tiltak for auka rekruttering til klubben
6. Trenarutdanning via Våttkort og NIFs trenarløype
7. Sørge for stabil og god økonomi
8. Eit stabilt apparat av frivillige, turleiarar og instruktørar til å ta seg av medlemmane og klubbens behov

Delmål

1. Gjennomføre våttkortkurs i regi av klubben.
2. Oppgradere instruktørar til NPFs etterutdanning UNG/ PARA/ PSYK
3. Vidareutvikle og ajourhalde sosiale medier.
4. Oppgradere og fornye naudsynt utstyr.
5. Sørge for informasjon til medlemmane via spond, nettsida og facebook.

Verkemiddel

- Herøy kajakkklubb skal vere ein aktiv klubb for heile Søre Sunnmøre
- Utarbeide og synleggjere aktivitetsplan med tilbod for målgruppene
- Nytte media til å vise fram klubbaktivitet
- Arrangere padletreff
- Stimulere aktive padlarar til å gå kursstigen, og bidra til klubbaktivitet.
- Arbeide aktivt ut mot potensielle medlemmer
- Organisasjonsutvikling

Kortsiktig handlingsplan

Styret i Herøy kajakkklubb jobbar med ein levande aktivitetsplan. Denne skal vere tilgjengeleg for alle medlemmar og dei einskilde aktivitetane blir annonsert på spond og tidvis på facebook.


Dei store årlege aktivitetane til Herøy kajakkklubb er:

- Kurs
- Klubbturnar gjennom året
- Arrangere temakveldar og -turnar

Langsiktig handlingsplan

- Halde klubbmassa aktiv gjennom breitt aktivitetstilbod.

Idrettslagets Organisasjon



Antall styremedlemmer og varamedlemmer fastsettast av årsmøtet

Kjønnsfordeling

"Det skal vere minst 2 representantar for kvart kjønn i styret, råd, utvalg mv. med mer enn 3 medlemmer. I styret, råd og utvalg som består av 2 eller 3 medlemmer, skal begge kjønn vere representert" jf. Idrettslagets lov § 5"

Årsmøtet

- Årsmøtet er lagetets/klubbens høgste myndigheit.
- Årsmøtet vert halde 1 gong i året innan utgangen av mars månad.
- Protokollen frå årsmøtet sendast til idrettrådet i kommunen, og dei særkretsar idrettslaget er tilslutta. Protokollen kan leggest ut på HKK sine internettsider.
- Innkalling til årsmøtet skal skje ein månad før årsmøtet avhaldast.
- Innkalling annonserast på nettet eller i avisa, eller sendast/leggest ut til medlemmene.
- Innkomne forslag skal vere styret i hende 2 veker før årsmøtet og sakspapira skal sendes ut ei veke før.
- Årsmøtet er for medlemmer i klubben, det vil seie dei som har vore medlem i minst ein månad og gjort opp sine økonomiske forpliktelser. Foreldre/foresette har ikkje fullmakt til å stemme for medlemmer under 15 år.
- Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid, og alle som ynskjer å vere med å bestemme korleis klubben skal drivast, bør stille på årsmøtet.
- Årsmøtet skal gjennomførast slik det er fastsett i lovas årsmøteparagraf §14.

Styrets funksjon og sammensetning

Minimumskrav til styrets sammensetning er leiar, nestleiar, 2 styremedlemmer og 2 varamedlemmer.

Antall styremedlemmer og varamedlemmer vert fastsett av årsmøtet. Dette er altså minimumskrav, men det anbefalast på det sterkeste at styret består av fleire medlemmer og varamedlemmer enn dette. Det er ikkje noko i vege for at styremedlemmane kan veljast til spesifikke oppgåver. Kjønnsfordeling: ” Det skal vere minst 2 representantar for kvart kjønn i styret , råd, utvalg mv. med mer enn 3 medlemmer. I styret, råd og utvalg som består av 2 eller 3 medlemmer, skal begge kjønn vere representert” Jf. Idrettslagets lov § 4.

Styret skal

- Planlegge og ivareta lagetets totale drift, herunder mål- og strategiarbeid, budsjett og regnskap samt oppgåver beskrive i §18 NIFs lover, lovnorm for idrettslag.
- Styret har ansvar for at det finnst retningsliner for aktiviteten i klubben.
- Iverksette bestemmelsar og vedtak fatta av årsmøte eller andre overordna idrettsmyndigheiter.
- Stå for den daglege leiinga av laget, og representere laget utad.
- Disponere lagetets inntekter (tilskudd, kontingent o.a.) og fordele disse etter plan og godkjent budsjett.
- Oppnemne komitear og utval etter behov, og utarbeide instruks for disse.
- Det er viktig at alle tillitsvalgte har klart definerte oppgåver og ansvarsområder. Det anbefalast at styret og eventuelle grupper/utvalg, diskuterer arbeidsfordeling, og at spesiell kompetanse og/eller interesse vert ivareteke.
- Under følger et eksempel på fordeling av arbeidsoppgaver:

Leiar

Er klubbens ansikt utad, og klubbens representant i møter og forhandlingar, står for klubbens daglege leiing, koordinerer styrets og klubbens totale aktivitet, kallar inn til styremøter, førebur saker og leier møta, anviser utbetalingar saman med kasserar, skal påsjå at val, adresseendringar, oppgåver over medlemmer o.a. som har interesse

Padleglede, opplevingar og moglegheiter for alle

for/skal sendast inn til krets- og forbund, meldast til overordna instansar innan gjevne fristar.

Nestleiar

Fungere som leiar under dennes fråver, og bør difor vere vald med omsyn til at han/ho kan rykke opp som leiar på eit seinare tidspunkt. Bistår leiar og danner eit leiarteam med denne. Har elles definerte oppgåver, på same måte som eit ordinært styremedlem.

Kasserar

Disponerer lagetts midler og har fullmakt til klubbens bankkontoar. Har kjennskap til kontoplan og fører rekneskap i henhold til denne og anviser utbetalingar saman med leiar. Har til eikvar tid oversikt over lagetts økonomiske situasjon og fyll opp denne. Sette opp resultatrekneskap ved sesongslutt og påser at dette vert revidert til årsmøtet.

Styremedlemmer

Møter på styrets møter, tildelast konkrete oppgåver i henhold til styrets vedtak. Kan vere vald til spesielle oppgåver, som eksempelvis informasjon/web, sosialt-ansvarlig, materialforvaltar o.l. Fremme saker frå medlemmer i klubben.

Kontrollutval

Kontrollutvalet skal vurdere om årsregnskapet er utarbeidd og fastsett i samsvar med idrettens rekneskaps- og revisjonsbestemmelsar, og om organisasjonsleddets styre har oppfylt si plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med idrettens rekneskaps- og revisjonsbestemmelsar., jf. lovnormen § 21. Korleis revisjonen utførast fins i "NIFs regnskaps- og revisjonsbestemmelser for små organisasjonsledd" , <https://lovdata.no/dokument/NIFF/niffor/2015-11-23-1>

Mal for kontrollutvalet sin beretning:

<https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/klubbokonomi/> beretning for kontrollutvalg uten engasjert revisor

Valkomité

Arbeidet til valkomiteane er undervurdert i dei fleste organisasjonsledd. Valkomiteen har ei av klubbens viktigste oppgåver. Den har ansvaret for personalmessig og funksjonell utvikling av klubben ved å rekruttere nye styremedlemmer/-medarbeidere etter nøye vurderingar av medlemsmassen. Valkomiteen velgast av årsmøtet. Det bør sytast for ein viss kontinuitet i komiteen. Valkomiteen har ei viktig rolle for å sikre drift av klubben gjennom å finne personar med rett kompetanse til styret. Ikkje minst motivere til å ta ansvar.

Valkomiteen plikter:

- å utarbeide ein arbeidsplan for inneværende valperiode,
- å vurdere styrets og komiteenes virksomheit,
- sjå til at medlemmenes syn på styrets arbeid blir tatt opp til behandling,
- å diskutere med styret om eventuelle endringar i styrets samansetning,
- å halde seg informert om, og diskutere med medlemmene om ulike kandidatar for styreoppdrag,

Padleglede, opplevingar og moglegheiter for alle

- å derigjennom få greie på om ønska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget,
- å gjennomgå for styret og medlemmene kva forandringar / nomineringar som kjem til å verte foreslått,
- ved behov å foreslå for styret at passande kandidatar får relevant utdanning for påtenkte oppgåver,
- før årsmøtet, på det tidspunkt vedtektene bestemmer, avgi skriftleg forslag på nomineringa som skal framleggast medlemmene på årsmøtet, under årsmøtet å presentere valkomiteens forslag, samt etter årsmøtet å analysere eige nominasjonsarbeid.

Naustansvarleg

Ansvar for klubbens lokaler og deira behov for endring og vedlikehald. Oversikt og tilsyn av utstyret som er lagra i klubbens lokaler. Svarar til styret og dialog med aktivitetsansvarlig om utstyr.

Aktivitetsansvarleg

Skal jobbe med klubbens kalender og halde tett dialog med klubbens aktivitetsleiarar og naustansvarleg. Er den som på vegne av styret bestemmer når klubbens aktivitetar skal arrangerast og kven som står ansvarleg. Svarar til styret.

Medlemmer

Medlemskap i Herøy kajakkklubb (HKK) er fyrst gyldig og reknast frå den dag kontingent er betalt.

For å ha stemmerett og være valgbar må ein ha fylt 15 år, ha vore gyldig medlem i minst 1 måned og ha betalt kontingent. Ingen kan møte eller avgi stemme ved fullmakt.

Medlemskap i HKK kan opphøre ved utmelding, stryking eller eksklusjon. Utmelding skal skje skriftleg og får virkning når den er motteken.

Ein tilsett kan vere medlem i klubben, men har ikkje stemmerett på årsmøtet og den tilsette kan ikkje veljast til verv i klubben eller overordna organisasjonsledd.

Stryking kan finne stad av medlem som skuldar kontingent for meir enn eitt år. Medlem som strykast kan ikkje takast opp igjen før skuldig kontingent er betalt. HKK kan fråta medlemskap frå ein medlem som etter puring ikkje betalar fastsett medlemskontingent. Medlem som skuldar kontingent for to år, taper automatisk sitt medlemskap i klubben og **skal** strykast frå laget si medlemsliste.

Ved innmelding skal medlemmet sjølv fyller ut medlemsregistrering på MinIdrett. <https://minidrett.nif.no> Klubben har plikt til å føre elektroniske medlemslister i idrettens nasjonale medlemsregister i tråd med forskrift gitt av Idrettsstyret.

Medlemskontingent vert sendt ut via KlubbAdmin, basert på medlemsregister knytt mot MinIdrett.

Aktivitet

Herøy kajakkklubb legg ut aktivitetar på nett. Det omfattar klubbtur, samlingar og kursaktivitet.

Anlegg

Herøy kajakkklubb eig og disponerer tre naust på Jensholmen. Naustansvarleg er ansvarleg for å arrangere dugnad og organisere det som må reparerast av utstyr. Styret vel person til rolla som naustansvarleg.

Gjeldande reglar for bruk av naustet og alt utstyret, vil ligge på nett og til ei kvar tid stå oppslått på veggen. Brot på desse reglane vil føre til ein reaksjon frå styret.

Informasjon

Informasjon om HKK, til dømes lovverk, retningsliner og ulike skjema er tilgjengeleg på klubben sine heimesider: <http://www.heroykajakk.no>

Informasjon som vert fortløpande oppdatert, eksempelvis info om arrangement/kurs/turar er å finne på Spond og HKK si facebookside: <https://www.facebook.com/Heroykajakk/>

Klubben si e-post adresse: post@heroykajakk.no

Økonomi

- Hovudstyret er juridisk ansvarleg for laget sin økonomi
- Hovudstyret er ansvarleg for å sette opp budsjett før årsmøtet.
- Alle innkjøp over kr. 10000 skal godkjennast av styret.
- Alle betalte faktura skal attesterast av 2 personer, den som har bestilt varen og styreleiar eller kasserar.
- Det skal teiknast underslagforsikring for dei som disponerer kontoane.

Rekneskap

Alle inn- og utbetalingar skal gå gjennom klubben sin konto, det er ikkje lov å sette pengar som tilhører klubben inn på personlege kontoar.

Generelt gjeld at ingen utbetalingar frå HKK skal gjerast utan at det føreligg faktura eller anna godkjent bilag.

For refusjon av utgifter/utlegg, skal det leverast eige skjema utarbeida av HKK, og alle kvitteringar skal følge som vedlegg slik det er beskrive på skjemaet.

Medlemskontingent

Medlemskontingenten skal fastsettast på årsmøtet som eiga sak. jf. eigen bestemmelse i vedtektene §4

Medlemskontingent skal betalast for kvart enkelt medlem.

HKK kan innføre ulike kontingentkategoriar (t.d. for familiar, pensjonistar, studentar). Kontingenten må vere på minst kr 50 per medlem i følge lovnorma § 16 frå NIF, og difor også etter HKK sine vedtekter.

Årsmøtet kan vedta at æresmedlemer skal vere friteke for betaling av kontingent.

Padleglede, opplevingar og moglegheiter for alle

Familiemedlemskap reknast som ei rabattordning og ein må fortsatt registrere kvart enkelt medlem med navn og betalt beløp då revisor skal kontrollere medlemslister mot regnskap.

HKK sitt krav for familiemedlemskap er at personane må vere i nær familie (foreldre/born) eller sambuar/ektefelle, samt vere busett på same adresse. For at kasserar skal kunne velge å fakturere familiemedlemskap i dei tilfella dette vil løne seg, må medlemmane logge på Minidrett, <https://minidrett.nif.no>, og registrere familietilknytning til dei i familia som fyller krava til familietilknytning.

HKK sine medlemskontingentar:

| | |
|------------------------|---|
| Barn/ungdom (6-19 år) | kr. 100,- |
| Vaksne | kr. 400,- |
| Familie utover det) | kr. 700,- (inntil 7 personar, kr.100,- pr. medlem |

Innkrevjingsrutiner:

Faktura sendast ut innan utgangen av januar. Første puring 7 dagar etter forfall.

Styret kan i tillegg organisere treningsavgift, då den ikkje treng godkjenning på årsmøtet, men dersom ikkje særlige årsaker tilseier dette, er det anbefalt å legge fram dette på årsmøtet, slik at medlemmer kan uttale seg på førehand heller enn å klage i etterkant.

Lån av utstyr

Som medlem av Herøy kajakkklubb har ein fri bruk av klubbens utstyrssamling som er i naustet, unntatt tørrdrakt. Det er gitt fri bruk av utstyret inntil 3 dagar.

Krav for bruk av utstyr:

- Minimum grunnkurs Hav i våttkortstigen eller saman med akt.leiar frå HKK.
- Ved kursaktivitet i klubben har anna aktivitet nedsatt prioritet. Ein kan nytte utstyr som ikkje blir nytta i kurssamanheng, etter forutgåande dialog med aktivitetsansvarleg i HKK og aktivitetsleiar som skal halde kurs.

Ynskje og spørsmål om lån av utstyr lengre enn 3 dagar må rettast til styret i klubben. Slik søknad sendast til post@heroykajakk.no

Leige av kajakk inkl. utstyr etter 3 dagar: 150.- pr.døgn

Kontantsal

Dersom det er aktuelt med sal av mat eller effekter, generelt alt som inneber kontantoppgjjer, skal ha retningsliner beskrive her.

Dokumentasjonen av kontantsalet må vise ut- og innleverte kontantar. Oppgjjer skal teljast og signerast av to personar.

Løn og honorar

HKK er underlagt forenkla reglar for foretak, då vi kjem inn under ordningane for "Veldedig eller allmennyttig organisasjon"

HKK har ikkje tilsette, og har ikkje arbeidsgjevaransvar for nokon, heller ikkje for instruktørar eller aktivitetsleiarar.

Men når det vert utbetalt honorar for slike oppdrag, gjeld følgande to alternativ:

1 – Faktura frå godkjent foretak

Aktivitetsleiar har oppretta eit foretak registrert med organisasjonsnummer, og sender faktura på oppdraget. Faktura MÅ oppfylle lovpålagde krav til slik faktura, og det må framgå tydeleg på faktura kva fakturaen gjeld.

For dei som fakturerer slik gjennom eige foretak, gjeld normale reglar for inntekt/løn/skatt gjennom foretaket. Ingenting vert innrapportert frå HKK.

Unntaket er dei tilfeller der faktura ikkje oppfyll lovkrav til utforming av faktura. I slike tilfeller er HKK pålagde å innrapportere dette på skjema **RF-1321 Betalinger til selvstendig næringsdrivende**

2 – Lønnsutbetaling til person

Aktivitetsleiar fyller ut HKK sitt eige skjema for løn til aktivitetsleiarar. Det er viktig å skille mellom utgifter som skal refunderast (eksempelvis Våttkortgebyr) og honorar for kurset.

Det er viktig at personnummer (11 siffer) vert utfylt på HKK sitt oppgjersskjema.

For 2023 gjeld, at dersom samla lønsutbetaling er under 10 000 kroner til ein person i løpet av inntektsåret, er dette skattefritt for den som utfører arbeidet. Når samla utbetaling overstig 10 000 kroner, er heile beløpet skattepliktig og må rapporterast inn.

For kasserar er det viktig at for kvar slik lønsavrekning til person, skal dette også rapporterast via Altinn, Skjema **A05, Forenklet a-melding for veldedig eller allmennyttig organisasjon**

Kasserar vil då kunne hente aktivitetsleiar sitt gjeldande skattekort på Altinn, og i dei tilfelle ein har kome over skattepliktig grense, SKAL skatt bereknast og trekkast frå utbetalinga, slik at ein betalar berekna skatt som vist i Altinn, og nettobeløp til aktivitetsleiar, nett som i eit ordinært arbeidsforhald.

Unntaket er at det IKKJE bereknast arbeidsgjevaravgift.

Lønnsmatrise kurs i HKK regi:

| Lønnsmatrise 2022-2023 | | DAGSRATER | | | Etterutdanning og tillegslønn pr.dag | | |
|--|--------------------------|------------|------------|---------------|--------------------------------------|----------|----------|
| | | NPF KURS | | | | | |
| Stillingsgruppe | | GK HAV | TK HAV | AKT.LEIAR HAV | ETU KURS | ETU KURS | ETU KURS |
| # Hovedinstruktør Ansvarlig for kurset Våttkortbasen Padleglede | #1 NPF - Aktivitetsleiar | 2 500,0 kr | | | 200,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr |
| | #2 NPF - Turleiar | 3 000,0 kr | 3 500,0 kr | | 200,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr |
| | #3 NPF - Veileder | 3 500,0 kr | 4 000,0 kr | 6 000,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr |
| * Hjelpeinstruktør Ansvarlig for kurset i samarbeid med Hovedinstruktør Padleglede | *1 NPF - Aktivitetsleiar | 1 500,0 kr | | | 200,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr |
| | *2 NPF - Turleiar | 2 000,0 kr | 2 500,0 kr | | 200,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr |
| | *3 NPF - Veileder | 2 500,0 kr | 3 000,0 kr | 4 000,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr | 200,0 kr |

- Klubben dekker utskriving av våttkort. Kurshaldar er ansvarlig for innkjøp og utdeling av våttkort.
- Tilsendt kursliste med våttkortnr. må foreligge før utbetaling av lønn.
- Påslag på utsteding av våttkort i klubbregi 10%

DØME: kurs med 10 deltakarar:

Kursansvarlig kjøper 10 stk. våttkort og registrerar alle deltakarane 1500 kr.

Kursansvarlig får refundert av klubben 1650 kr.

Reiseregning

Krav til reiseregning:

- Alt fyllast ut på reiseregninga:
 - ⇒ namn, adresse, fødselsdato, bankkonto.
 - ⇒ til og frå og dato for kvar enkelt reise
 - ⇒ formål med kvar enkelt reise
 - ⇒ ved diett må klokkeslett (avreise/ankomst) oppgis
- Vedlegg til reiseregninga (kvitteringar):
 - ⇒ Kvitteringar skal alltid vedleggast.

Økonomisk utruskap/varslingsplikt

Ved mistanke om økonomisk utruskap er det alles plikt å melde frå om dette. Ein open dialog er forventa og saker må løysast på lavast mogleg nivå.

I saker som omfattar ein eller fleire styremedlemmar, må desse forlate diskusjonen fram til eit vedtak er fatta. Dei involverte kan få tid til å fronte si sak, men ei avgjersle må takast anonymt for å unngå personlege forhold.

Personar som driv bedrifter med økonomisk vinning må ikkje sette seg i ei stilling som kan føre til inhabilitet. Ved kjøp av nytt utstyr og tenester til klubben, må ein innhente tilbod frå meir enn ein underleverandør.

IT og kommunikasjon

Herøy kajakkklubb eig og nyttar domenet heroykajakk.no hos www.domeneshop.no

For e-post korrespondanse nyttar klubben google apps for works som distributør av e-post adresser og grupper.

Alle klubbens interne dokumenter blir lagra på google disk, tilgjengeleg for alle styremedlemmar. Hovudmappe HKK med respektive år som undermapper.

Klubbadmin er klubbens interne styringssystem for medlemsregistrering og økonomistyring. Dette skal alle i styre ha tilgong til gjennom gitte roller.

Ved endring av styret i HKK skal alle styrande dokument sikrast til google disk frå avtroppande styre. Rettigheiter til interne styringssystem og klubbens bankkontoar må også vidareførast til nytt styre. Dette må sikrast i eit felles møte etter årsmøte ved behov.

Reglar og retningsliner for foreldre/føresett i Herøy kajakkklubb

- Respekter klubbens arbeid. Det er frivillig å vere medlem av Herøy Kajakkklubb, men er du med, fyl du våre reglar.
- Lær borna folkeskikk. Gå føre som eit godt eksempel.
- Motiver borna til å være positive på trening.
- Vis god sportsånd og respekt for andre.
- Ved uenigheit snakkar du med den det gjeld – ikke om.
- Hugs at det viktigste av alt er at born trivast og har det artig!

Retningsliner for medlemmar

- Gode holdningar.
- Vere hjelpsam, ærleg og respektere kvarandre.
- Følgje reglane i klubben.
- Stille opp for kvarandre.
- Halde saman.
- Stille på aktivitetar.

Padleglede, opplevingar og moglegheiter for alle

- Vise engasjement for klubben sine aktivitetar.
- Stoltheit av eigen innsats.
- Mobbing er ikkje akseptert.

Retningslinjer for aktivetsleiarar, turleiarar og veilederar

Her er nokre retningslinjer for våre aktivetsleiarar når dei opptre på vegne av klubben, og er i kontakt med føresette, medlemmar og utanforståande.

Som aktivetsleiar, turleiar og veileder i HKK skal du bidra til:

- Meistring, sjølvstendigheit og tilhørigheit for alle.
- Positive erfaringar på tur og trening.
- Å fremme eit godt sosialt miljø og vennskap.
- Samarbeid og ha god kommunikasjon med føresette og dei som deltek.
- Vær et godt forbilde.
- Møt presis og godt forberedt til kvar aktivitet.
- Bry deg om kvar enkelte, tilrettelegge for trivsel.
- Vise padleglede og respekt for andre.
- Som kursleiar i Intro-, Grunn- og teknikkurs skal du følge NPF's intensjoner for kurs, det vil sei at ein skal få våttkort om ein er med på kurset. Det stillast ikkje krav til prestasjon av noko slag.

Aktivitetar i HKK regi skal være prega av:

- Ein målretta plan
- Progresjon i opplevingar og ferdigheiter
- Stadig nye utfordringar slik at utøvaren flyttar grenser
- Effektiv organisering
- Sakleg og presis informasjon
- Kreative løysingar
- Fleksibilitet ved problemløysing
- God kommunikasjon
- Aktivitetar for alle
- Padleglede

Mobbing

Mobbing har blitt et problem i det norske samfunnet både på sms og mail. Dette er noe idretten ikke aksepterer. Klubben bør her sette opp regler og konsekvenser hvis det forekommer mobbing i klubben.

Politiattestar

Politiattest skal avkrevast av personar som skal utføre oppgåver for klubben som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller mennesker med utviklingshemming. Med mindreårige meinast born og unge under 18 år. Personar under 18 år skal også avkrevast politiattest. Den nedre grensa er 15 år.

Styret har vedteke at ett styremedlem, med personleg vara skal ha denne oppgåva. Det skal innhentast politiattest på aktivetsleiarar som vil halde kurs for dei nemnde gruppene i teksten over.

Padleglede, opplevingar og moglegheiter for alle

Klubben skal ikkje gi oppgåver som innebærer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller mennesker med utviklingshemming til personer som ikkje framviser politiattest eller som har anmerkningar på attesten.

Klubben kan når som helst kontakte NIF for råd og rettleiing i disse sakene på telefon 800 30 630 eller på e-post til politiattest@idrettsforbundet.no.

Dugnad

Vi set opp dugnadar fortløpande etter behov. Ein kan kontakte styre for meir informasjon og ynskje om å bidra.

Dugnadsvett - nokre enkle køyrereglar:

1. Dugnad skal i utgangspunktet vere frivillig. HKK vil be medlemmar og foreldre om å stille opp på dugnad, men deltagelse må baserast på frivillighetsprinsippet og ikkje innførast med "tvang".
2. Foreldre som ikkje er medlem sjølve treng ikkje å stille på dugnadar.
3. Styret kan heller ikkje "bøtelegge" medlemmar som ikkje stiller og/eller ikke kan stille på dugnad.
4. Årsmøtet i klubben kan i særlege tilfeller pålegge medlemmar å stille på dugnad der dette er en forutsetning for at aktiviteten skal kunne gjennomførast og der alternativet er at aktiviteten må leggest ned. I det tilfelle vil pålegget måtte gjelde medlemmane.

Skikk og bruk for e-post

1. Hovudmottakar er den som skal svare på mailen, om det ikkje er rein informasjon.
2. Kopifeltet skal nyttast til å informere dei resterande, i styresaker er det post@heroykajakk.no
3. Emne/tittel skal vere kort og presis. Ein bør ikkje blande fleire tema i samme e-postmelding.
4. Medlemmar pliktar å motta informasjon på epost fra styret.
5. Vær kritisk ved bruk av e-post for massedistribusjon av informasjon. Nytt gjerne link til heimesida/facebook for meir informasjon.
6. Presenter den viktigaste informasjonen først i e-postmeldinga. Vær kort og konsis.
7. Tenk på korleis teksta i e-postmeldinga vil virke for mottakeren. Unngå unødig bruk av store bokstaver, utropstegn og spørsmålsteikn. Dette kan oppfattast som SKRIKING. Di hensikt med dette kan feiltolkast av lesaren!
8. Det er viktig at du bruker enkelt språk, korte avsnitt, og blanke linjer mellom avsnitt ("enter/linjeskift"). På denne måten vert di mening oversiktlig og lett å forstå for mottakeren.
9. Vær forsiktig med bruk av farger og andre formateringer. Ved slike behov er vedlegg til e-post velegna.
10. Vær spesielt forsiktig med å sende e-post hvis du er opprørt eller irritert. E-postmeldingar er "evige" og bør tåle dagens lys uansett sammenheng. Tenk deg om.
11. Gjer det til ei vane alltid å lese gjennom heile innhaldet. Sjekk spesielt adressatane, og at alle vedlegg som det vert referert til, er med før du sender.
12. Besvar e-post når du er i tvil så raskt du kan. Fremfor alt – svar!

Årlege faste oppgåver

Dato/måned

| | |
|------------|--|
| februar | Gjennomføre den årlige lovpålagte idrettsregistreringa |
| mars | Gjennomføre årsmøtet i henhold til klubbens lov |
| mars/april | Rapportere endringar av post og e- postadresser |
| mars/april | Oppdatere nytt styre på samme plass som idrettsregistreringa |
| heile året | Søke kommunale midler, sjekk med kommune for søknadsfrist |
| heile året | Søke om treningstider, sjekk kommune/eigar/disponent om søknadsfrist |